

1. I fellesområdet ved sjøen for bnr 1-4 skal det bak nausta vera ein open snu og parkeringsplass. Ingen må nytta denne plassen slik at den unødvendig stenger dei andre brukarane frå å nytta plassen.
2. Vegen gjennom fellesområdet, avlagt på jordskiftekartet blad nr 2 skal alltid vera open for bruksrettshavarane.
3. Området framom nausta skal vere ope slik at partane fritt kan trekkje opp og setje ut båtar.
4. Fortøyning i området skal ordnast slik:
Partane (bnr 1-4) skal saman legge ut ei flytebrygge som innteikna på jordskiftekartet. Dei same partane må også søkje om offentleg godkjenning for ei slik brygge. Det er eigar av bnr 1 som får ansvaret for å søkje om slikt løyve på vegne av dei andre partane.

Sjølve flytebrygga kan vere inntil 12 meter lang og ha 4 båsar, der kvar bås er 3 meter brei og 5 meter lang. Partane trekkjer lodd om plasseringa i båsane dersom dei ikkje vert samde. Ynskjer bnr 2 å ha fleire båtplassar, er det dette bruket som skal ha rett til å krevje dette mot å betale det utvidinga kostar.

Flytebryggja skal plasserast i tråd med jordskiftekartet og forankrast på ein god måte. Dersom alle partane er samde om ei anna plassering, eller dersom kommunen føreskriv ei mindre justering av plasseringa av brygga, kan dette gjennomførast.

Partane skal også etablere gangveg/gangbrygge frå fellesområdet og fram til planlagd flytebrygge.

Kostnadene knytt til sjølve flytebrygga med båsar skal delast på partane bnr 1, 3 og 4 med like deler. Kostnader til søknadsprosessen, forankring av flytebrygga samt tilkomst til flytebrygga skal delast med like partar på bnr 1-4. Framtidig vedlikehald av heile anlegget skal delast med like deler på bnr 1-4.

Dersom ein ikkje oppnår løyve til utlegging av flytebrygge, skal partane ha rett til å etablere båtfeste ut for eige naust. Desse skal i så fall etablerast i samråd med nabonaust, slik at ikkje etableringa vert til hinder for nabo sin tilflot eller båtfeste. Slikt båtfeste er for båtar t.o.m. 19 fot. Ved ei slik ordning skal bnr 3 ha sitt båtfeste ut frå eige naust, jf kartskisse med båtfeste i dok nr 67.

5. Omforeina bruksrettsgrenser for naustrett til bnr 20, 21 og 28 vert avlagt på jordskiftekartet, blad nr 1 og skildra i grenseskildringa. Gangrett ned til dette området er skildra og innteikna i dok nr 58.
6. Bruksrett til naust for bnr 3 vert avlagt på jordskiftekartet, blad nr 1.